



Det var mange uskedelinger på opninga. Her er kunstnaren saman med tre barndomsvenninner, frå venstre Tora Eikeland, Sigrid Øyrehagen, Inga Tveito og Anne karin Maurangsnæs. I bakgrunnen Jørn Ø. Sunde (nevø til kunstnaren) og Tom Gundersen (ektemann).
(Foto: Thor Inge Døssland)

Det var godt besøk på første dag av utstillinga til Sigrid Øyrehagen på Undarheim Gard. Men så var det verkeleg verd eit besøk og!! Den veletablerte og anerkjende Uskedals-kunstnaren hadde mykje fint å by på.

Sigrid Øyrehagen viste alt i barneskulealder under oppveksten i Skreo på nedre Døssland at ho hadde spesielle evner med blyant og pensel. Gjennom åra har den allsidige kunstnaren utvikla nye teknikkar, og på utstillinga viste ho fram maleri og monotypiar.



Vesle Oda var på kunstutstilling med besteforeldra Einar og Solbjørg Musland. Også ho fann noko som fall i smak.
(Foto: Thor Inge Døssland)

Ho flytte frå heimbygda først på 70-talet, og ho har m.a. utdanning frå Statens Håndverks og Kunstindustriskole 1975-80, og frå Statens Kunstakademi 1981-85 og 1989/90.

Sigrid Øyrehagen har gjennom heile si kunstkarriere hatt god kontakt med heimbygda og Kvinnherad elles.

- Sigrid flytta ut alt då ho var 16 år. Det skulle ein ikkje tru når ein høyrer dialekten hennar, og når ein ser alle Kvinnheradsmotiva som viser seg gjennom kunsten hennar, sa m.a. adm.dir. ved Sørødal, Per Ø. Sævertveit, då han opna utstillinga.

Sigrid seier at ho kjenner seg svært knytt til heimbygda, og ho har gjennom åra blitt observert rett ofte når ho har vore rundt og laga skisser til nye kunstverk. At mykje av kunsten hennar er inspirert av kvinnherske motiv, vil nok gjera den endå meir verdfull for kvinnheringar i framtida.

Ho bur no i Drammen, men har jamleg hatt utstillingar heime i Kvinnherad. I år er det 25 år sidan ho hadde si første utstilling på heimebane. Mange hugsar enno den flotte utstillinga i Helgheimskjellaren under Uskedalsdagane i 1983. Ingrid Høyland hadde vore på ei utstilling Øyrehagen hadde i Bergen, og ho tok initiativet til utstillinga der også trekunstnaren Hanna Barrath frå Dimmelsvik og venner av Sigrid Øyrehagen frå

Kunstakademiet var representert. Etter det har ho hatt ei rad separatutstillingar over heile landet til Namsos i nord. Dessutan har ho vore representert på m.a. Høstutstillingen, Vestlandsutstillingen og Østlandsutstillingen ei rekke ganger.

Den fine kunstnaren vert sjølvsagt sett stor pris på i heimkommunen. Svært mange private og firma har sikra seg Øyrehagen-kunst til å pryda veggane. Dessutan er kunstverk av ho kjøpt inn av Kvinnherad kommune. At ho og kunsten hennar vert sett pris på, viser og den store interessa for denne utstillinga. På opninga var det naturleg nok mange frå heimbygda og resten av Kvinnherad, men det var og tilreisande m.a. frå Bergen og Stord.

Det var adm.dir. Per Øyvind Sævartveit, Sør-Norge Aluminium AS, som stod for den offesielle opninga medan Marko Erdevicki serverte klassiske musikkstykke med virtuost gitarspel. Ei stilfull opning på ei flott utstilling som også var open søndag.

Av Thor Inge Døssland